



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 12.06.2018 kl. 15:15

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar	
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar	
Ingvild Loftheim	Medlem	
Aud Eldrid Frøholm	Medlem	
Leif Jørgen Leknes	Medlem	
Stein Hugo Fykse	Medlem	(Ikkje til stades i sakene 15 og 16)
Arne Fedøy	Medlem	
Else Stølen	Medlem	
Karen Anny Espedal	Varamedlem	
Arne Martin Tjugum	Varamedlem	

Forfall:

Harriett Norstrand	Medlem
Terje Mork	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem

Møtande frå administrasjonen og andre møtande:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
Malgorzata Anna Tveit	Organist

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2018/12		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2018/13		Godkjenning av protokoll frå møte Askvoll sokneråd 17.04.2018	RUNE ZIENER
SR 2018/14		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2018/15		Budsjettjustering 2018	RUNE ZIENER
SR 2018/16		Offerliste 2. halvår 2018	RUNE ZIENER

Askvoll, 12.06.2018

Rune Ziener
Referent

SR 2018/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SR 2018/13 Godkjenning av protokoll frå møte Askvoll sokneråd 17.04.2018

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 17.04.2018 som den ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 17.04.2018 som den ligg føre.

SR 2018/14 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram, og ein hadde desse drøftingssakene:

- M 2018/11 Konfirmantforeldra i Askvoll: *Vedr. konfirmasjon i Askvoll kyrkje våren 2019 (14.05.2018)*
Semje i soknerådet om at ein har forståing for innspelet, og vidaresender dette til prost.
- M 2018/12 KRYSS Revisjon: *Revisjonsmelding 2017 – Askvoll sokn (01.04.2018)*
- M 2018/13 Referat frå møte i Askvoll kyrkjelydsutval 26.04.2018
- M 2018/14 Oppussing av lysekronar Askvoll kyrkje – status
- M 2018/15 Kyrkjemusikalsk arbeid i soknet (drøfting). Organisten deltek.
Semje i soknerådet om at det framlagde planutkastet frå organisten er ein god kyrkjemusikalsk plan for soknet. Ein arbeider vidare med planforslaget før endeleg vedtak seinare.
- M 2018/16 Skisseløysingar for uthus Vilnes. Frå arkitekt.
Semje i soknerådet om at ein ønskjer å arbeide vidare med alternativ 2, men at ein bør vurdere alternativ plassering av uthuset av omsyn til parkeringsareal.
- M 2018/17 Vedlikehaldet på gravplassane.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2018/15 Budsjettjustering 2018

UTGREIING

Det er trong for å gjere nokre endringar i både investerings- og driftsbudsjettet for 2018.

Investeringsbudsjett:

Restkostnad for lyssettinga ved Vilnes kyrkje var ikkje med i opphavleg investeringsbudsjett. Finansieringa av dette kan ein gjere med ei omfordeling mellom prosjekta parkeringsplass og lyssetting ved Vilnes kyrkje. Når ein finn ei løysing for korleis ein etablerer ny parkeringsplass ved Vilnes, kan ein, om nødvendig, auke opp prosjektfinansieringa med bunde fondsmidlar.

Justeringsforslag, investering:

INVESTERINGS-BUDSJETT	KTO	ANS	TENESTE	PROSJ.NR.	Justering
Parkeringsplass Vilnes	42300	200	4300	1005	-144 000
Parkeringsplass Vilnes	44290	200	4300	1005	-36 000
Parkeringsplass Vilnes	47290	200	4300	1005	36 000
Parkeringsplass Vilnes	49400	200	4300	1005	144 000
Lyssetting Vilnes	42300	200	4300	1006	144 000
Lyssetting Vilnes	44290	200	4300	1006	-36 000
Lyssetting Vilnes	47290	200	4300	1006	36 000
Lyssetting Vilnes	49400	200	4300	1006	-144 000
SUM					0

Driftsbudsjett:

Bruk av fond

I saksutgreiinga om budsjettvedtak 2018 vart det sagt at ein vil komme tilbake til kva fond ein vil bruke for å balansere budsjettet. Det er budsjettert med kr 71.000,- brukt av bunde fond. I tillegg til fondsbruken her, skulle ein komme tilbake til finansiering av nye messehaklar i seinare sak. Her ligg an til at ein må auke opp fondsfinansiert innkjøp av messehaklane med kr 5.500,-.

Totalt behov for fondsfinansiert drift vert då kr 76.500,-.

I justeringsforslaget ligg det at ein nyttar

Frå disposisjonsfond: kr 70.896,- (dette er med i opphavleg budsjett som førebels post).

Festeavgifter	61
Holmedal festeavgifter	3 230
Vatn.anl. Askvoll kyrkje	2 313

Frå bunde fond: kr 5 604,-

Trusopplæring

Som følge av ein del unytta tilskotsmidlar til trusopplæring i 2017, vil ein få nedtrekk i

tilskotsmidlar for 2. termin 2018. På grunn av at 5% av tildelinga vert skjerma for nedtrekk, sjølv om ein har unytta midlar og ein i Askvoll hadde kr 27.000,- inntektsført i eigenbetaling, vil ein likevel få om lag kr 33.000,- av 2. termintilskot utbetalt.

Budsjettposten for tilskot bør derfor aukast opp til kr 194.000,- og budsjetterast avsett til bunde fond for trusopplæring.

Ferdigstilling av kjøkkenet i dåpssakristiet Askvoll

Arbeidet med ombygging av kjøkkenet i Askvoll kyrkje er ferdig. Sjølve kjøkkeninnreidninga og oppvasksteameren er rekneskapsført i 2017, men t.d. elektrisk- og rørleggararbeidet kjem på 2018. Det står att kr 31.476,- å finansiere på dette prosjektet, og det er tidlegare lagt til grunn at kjøkkenet skulle verte finansiert med bunde fondsmidlar knytt til Askvoll kyrkje.

Inngåande balanse for dei bunde fonda til Askvoll kyrkje utgjer kr 36.040,-. I tillegg er det pr. juni 2018 komme inn kr 2.969,- til Askvoll kyrkje, som vert sett i bunde fond.

Samla justeringsforslag i driftsbudsjettet vert såleis:

DRIFTSBUDSJETT	KTO	ANS	TENESTE	PROSJ.NR.	Justering
Inventar og utstyr (kjøkken og messehaklar)	32000	200	4200		37 000
Bruk av bunde fond	35500	200	4200		-37 000
Tilskot frå staten/statlege inst.	38000	200	4432		-39 000
Avsetnader til bunde fond	35500	200	4432		39 000
Sum					0

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i investeringsbudsjettet og driftsbudsjettet 2018 slik dei ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.

MØTEHANDSAMING

Det vart sett fram forslag i møtet fra Jostein Gryte om eit nytt punkt:

2. Askvoll sokneråd bed kyrkjevevja om å styrke gravplassvedlikehaldet med ein 20% stillingsstorleik som sommarhjelp, og innarbeider dette i revidert budsjett for 2018.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i investeringsbudsjettet og driftsbudsjettet 2018 slik dei ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.

2. Askvoll sokneråd bed kyrkjevevja om å styrke gravplassvedlikehaldet med ein 20% stillingsstorleik som sommarhjelp, og innarbeider dette i revidert budsjett for 2018.

SR 2018/16 Offerliste 2. halvår 2018

UTGREIING

Gudstenesteliste for 2. halvår 2018 er lagt fram, og oversendt kyrkjelydsutvala for utarbeiding av forslag til offerlister. Inkomne forslag er ført inn i lista nedanfor. Resterande forslag vil verte lagt fram i soknerådsmøtet.

Kyrkje	Dato	Tid	Offerformål
Holmedal kyrkje	17.06.2018	11:00	Kyrkjebladet
Kvammen kapell	17.06.2018	19:00	
Bulandet kapell	24.06.2018	11:00	Redd Barna
Askvoll kyrkje	01.07.2018	11:00	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Vilnes kyrkje	08.07.2018	11:00	Leger uten grenser
Holmedal kyrkje	15.07.2018	11:00	Kirkens Bymisjon i Bergen
Askvoll kyrkje	22.07.2018	19:00	Laurdagsklubben i Askvoll kyrkje
Bulandet kapell	29.07.2018	11:00	Kirkens Bymisjon Bergen
Holmedal kyrkje	05.08.2018	19:00	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Kvammen kapell	12.08.2018	19:00	
Askvoll kyrkje	19.08.2018	11:00	Kirkens SOS i Bjørgvin
Bulandet kapell	26.08.2018	11:00	Bulandet kapell
Vilnes kyrkje	26.08.2018	19:00	Kumle Bedehus
Holmedal kyrkje	02.09.2018	11:00	Norsk kyrkje i utlandet
Askvoll kyrkje	09.09.2018	11:00	Kyrkjebladet
Kvammen kapell	16.09.2018	11:00	
Vilnes kyrkje	23.09.2018	11:00	Kyrkjebladet
Bulandet kapell	30.09.2018	11:00	Fiskarheim i Bulandet
Askvoll kyrkje	07.10.2018	11:00	
Holmedal kyrkje	14.10.2018	11:00	
Kvammen kapell	14.10.2018	19:00	
Bulandet kapell	21.10.2018	16:00	
Askvoll kyrkje	28.10.2018	11:00	
Vilnes kyrkje	28.10.2018	19:00	Det Norske Bibelselskap
Holmedal kyrkje	04.11.2018	11:00	
Kvammen kapell	11.11.2018	11:00	
Askvoll kyrkje	11.11.2018	19:00	
Vilnes kyrkje	18.11.2018	19:00	Vilnes kyrkje
Bulandet kapell	25.11.2018	11:00	
Vilnes kyrkje	02.12.2018	15:00	Førde Rotaryklubb Zuzuland-prosjektet (reint vatn)
Askvoll kyrkje	02.12.2018	18:00	
Holmedal kyrkje	09.12.2018	15:00	
Vilnes kyrkje	24.12.2018	12:00	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	24.12.2018	14:00	
Askvoll kyrkje	24.12.2018	16:00	
Kvammen kapell	24.12.2018	16:00	

Bulandet kapell	25.12.2018	12:00	
Askvoll kyrkje	31.12.2018	16:00	
Holmedal kyrkje	01.01.2019	17:00	

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerlista slik forslaget ligg føre etter komplettering i møtet.

MØTEHANDSAMING

Det låg ikkje føre forslag til offerliste frå kyrkjelydsutvalet i Kvammen, og Jostein Gryte sette fram forslag om eit nytt vedtakspunkt:

2. Kyrkjelydsutvalet i Kvammen får fullmakt til å komplettere offerlista ut september.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerlista slik forslaget ligg føre etter komplettering i møtet.
2. Kyrkjelydsutvalet i Kvammen får fullmakt til å komplettere offerlista ut september.